



Arkivnr: 2015/2164-31

Saksbehandlar: Stein Ottosen, Erlend Hofstad, Roald Landøy, David Aasen Sandved

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.03.2016

### Tilskot til fartøyvern 2016

#### Samandrag

Saka gjeld fordeling av regionale midlar til fartøyvern. Til disposisjon i ordninga står kr 1.680.000. Av desse er kr 840.000 statleg løyving til fartøyvern frå Riksantikvaren og kr 840.000 frå fylkesbudsjettet. I tillegg er det omdisponert kr 50.000 frå fartøyet Buesund (løyvd 2013) etter at eigar har sagt i frå seg tilskotet.

Samla sum til fordeling i 2016 er kr 1.730.000. Det er motteke 24 søknader med samla søknadssum kr 7.560.000. Total kostnad for alle omsøkte tiltak er kr 30.273.948. Dei midlane som står til rådvelde gjer at fylkeskommunen kan dekkje 22 % av samla søknadssum og omlag 6 % av samla kostnad for tiltaka.

Riksantikvaren stiller krav om at statlege midlar til fartøyvern berre skal nyttast til objekt på den nasjonale lista over verneverdige fartøy. I 2016 er det 2 av søkjarane som ikkje står på lista: Seladon og Beffen. Riksantikvaren har avsege Seladon sin søknad om oppføring, men har gjeve signal om at MF Beffen truleg vil få slik status. I fylkesrådmannen sitt framlegg får Seladon avslag på søknaden medan løyving til Beffen vert gitt på vilkår at fartøyet vert listeført av Riksantikvaren.

I innstillinga er det gjort framlegg om ei stor løyving til eitt fartøy. D/S Stord 1 er det største fartøyvernprosjektet for passasjerskip i landet. Det er etablert ein god organisasjon til å gjennomføre prosjektet, men det er behov for vesentleg kapital.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 1.730.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1 MF Beffen	30 000
2 Vaarsol	30 000
3 MS Bjørn-West	60 000
4 Tysso	30 000
5 Fyk	20 000
6 Bjørn	30 000
7 Markol V	30 000
8 Vulcanus	100 000
9 MS Tysnes ex Vartun	avslag
10 Lete ex Norkabel	40 000
11 Guløy	50 000

12	MS Midthordland	80 000
13	MF Skånevik	50 000
14	DS Stord	630 000
15	MY Sporen	30 000
16	MY Quest	40 000
17	DS Oster	120 000
18	Sjøgutt	40 000
19	Lindenes	100 000
20	MS Vestgar	50 000
21	SS Mathilde	100 000
22	Vikingen	40 000
23	MY Faun	30 000
24	SS Seladon	avslag
	Sum	<u>1 730 000</u>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir administrasjonen fullmakt til å omdisponere midlar dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Omtale og vurdering av søknadene
- 2 Liste over fartøy med vernestatus i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 26.02.2016

Saka gjeld fordeling av regionale midlar til fartøyvern. Til disposisjon i ordninga står kr 1.680.000. Av desse er kr 840.000 statleg løyving til fartøyvern frå Riksantikvaren og kr 840.000 frå fylkesbudsjettet. I tillegg er det omdisponert kr 50.000 frå fartøyet Buesund (løyvud 2013) etter at eigar har sagt i frå seg tilskotet.

Samla sum til fordeling vert med dette kr 1680.000,- + kr 50.000,- = kr 1.730.000,-. Det ligg føre 24 søknader til handsaming.

### Om fartøyvernet

Vestlandet har alltid vore avhengig av samferdsle på sjøen. Eldre fartøy og båtar er difor ein viktig del av Hordalandshistoria. I dag er fylket sine flytande kulturminne ein svært viktig ressurs for kunnskap, oppleving og bruk.

Fartøyvern er ein del av kulturminnevernet der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg stort fagleg og økonomisk ansvar. Det har i liten grad vore rammer for å utvikle ein sterk regional politikk for å støtte opp under desse kreftene, og øyremerkte midlar til vern av fartøy har vore på eit lågt nivå samanlikna med andre felt innan kulturminnevernet. I sin kulturpolitikk har likevel Hordaland fylkeskommune bidrege til tiltak som har verka positivt for å utvikle det samla fartøyvernet, t.d. oppretting av Hardanger fartøyvernsenter i Kvam herad (no del av Hardanger og Voss Museum) og Oselvarverkstaden i Os kommune.

Fartøyvern er eit forvaltingsansvar som er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren. For å utvikle det regionale fartøyvernet vart eit prøveprosjekt sett i gong i Savos-området (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) frå 2001. Prosjektet etablerte ei ny regional tilskotsordning i fylkeskommunane med statleg medverknad. Storleiken på ordninga vart sett ved at fylkeskommune og stat løyvde ei krone for kvar innbyggjar i fylket.

Frå og med 2003 har staten v/Riksantikvaren kvart år ført over kr 440.000 til Hordaland fylkeskommune (Statsbudsjettet kapittel 1429, post 74). Hordaland fylkeskommune har sett av ein tilsvarende sum til tilskotsordninga i sine årsbudsjett. I 2013 auka fylkestinget den regionale løyvinga med 400 000 i budsjetthandsaminga og Hordaland fylkeskommune bad Riksantikvaren om å overføre ein tilsvarende sum statlege midlar til Hordaland, kr 840.000. Dermed auka tilskotsposten til kr 1.680.000,-.

I tillegg til den fylkeskommunale ordninga løyver Riksantikvaren etter årvisse vedtak midlar direkte til fartøy i heile landet. Fylkesrådmannen kjem tilbake til denne tildelinga som referatsak (RS) til utvalet.

### Ny tilskotspost til drift av fartøy og tekniske- og industrielle kulturminne i Hordaland

I budsjettet for 2016 har fylkeskommunen sett av kr 500.000,-/år til drift av fartøy og tekniske- og industrielle kulturminne i Hordaland.

Etter istandsetting slit mange større fartøy med høge driftskostnader. Løyvinga er mellom anna tenkt nytta for å gjere driftsøkonomien betre for eit utval av viktige fartøy. Slik fylkesrådmannen vurderer det vil det vere effektivt fartøyvern og avgjerande for langsiktig drift av fartøya. Det er ei føremon at økonomien i ordninga vert så god som mogeleg. Hordaland fylkeskommune har difor søkt Riksantikvaren om medfinansiering etter SAVOS-modellen (1:1), slik at det vert kr 1 mill til rådvelde. Når svaret frå Riksantikvaren ligg føre vil fylkesrådmannen leggje fram eiga sak om innretting av ordninga.

### Nasjonale og regionale retningslinjer

Det kan ofte vere utfordrande å tilfredsstille gjeldande reglar for tryggleik med den teknologien og dei løysingane som pregar eldre fartøy. Dette har ofte ført til løysingar som har gått ut over fartøya sine kulturminneverdiar.

For å unngå dette teikna Sjøfartsdirektoratet, Norsk forening for fartøyvern og Riksantikvaren avtale om etablering av formuleringa "verna skip" i Sjøfartsdirektoratet sitt regelverk. Aktuelle fartøy kan søkje Riksantikvaren om status som verneverdig fartøy. Når eit fartøy får slik status pliktar eigaren å følgje antikvariske retningslinjer ved vedlikehald og istandsetjing.

Ved vurderinga av offentleg støtte er statusen som verneverdig fartøy eit vilkår. I brev frå Riksantikvaren 04.02. 2014 vart det stilt krav om at statlege midlar til fartøyvern berre skal nyttast til fartøy som står på lista over verneverdige fartøy eller er freda med heimel i kulturminneloven.

På bakgrunn av dette vart det vedtok Kultur- og ressursutvalet nye retningslinjer for ordninga i 2015, og det er dei som ligg til grunn for tildelinga i 2016. I tråd med retningslinjene gjeld vilkåret om listeføring som verneverdig fartøy også for søknader til den fylkeskommunale ordninga.

### **Oppfølging av tilskot og gjennomføring av tiltaka**

Når løyving frå fylkeskommunen er gjort og tiltaket er godkjend (kva metodar og materialar som skal nyttast), kan arbeidet starta opp. Dersom ein søknad vert godkjend slik den ligg føre, kan arbeidet starte opp når tilskotet er gitt.

Etter at tiltaka er gjennomførte vert fartøya som regel synfart. Ved andre høve er dokumentasjonen som er gjort god nok til at tilskotet vert utbetalt. Stordelen av eigarane legg vekt på god dokumentasjon.

### **Spesielle omsyn i fartøyvernet**

Medan istandsetjing av bygningar (faste kulturminne) i hovudsak skjer på staden, er vøling av større fartøy vesentleg meir komplisert. Ved utbetring og vedlikehald er verftstilgang eit knappheitsgode, både i høve tid for slippsetting, arbeidskapasitet og kompetanse.

Dette har påverka innrettinga av offentlege støtteordningar. I bygningsvernet vert det sett krav om at tiltaket ikkje kan vere begynt på før løyvinga er gitt med mindre særskilte årsakar er til stades. I fartøyvernet er det derimot viktig å leggje til rette for at arbeidet kan gjerast når det er nødvendig, praktisk mogeleg og verfta har ledig kapasitet.

Fartøyvern er kostnadskrevjande. I motsetning til bygningsvernet er det som regel høge krav til inntening for å sikre fartøya sin økonomi. Dermed er det viktig for dei fleste større fartøy ein raskt får dei i seglbar stand.

Hovuddregelen for offentlege tilskot i kulturminnevernet er at søknadene skal handsamast før tiltaket vert gjort. Likevel er fylkesrådmannen si vurdering at omsynet til verftskapasitet og til driftsøkonomi gjer at fartøyverntiltak som er gjennomførte før tilskotshandsaminga ikkje bør diskvalifiserast. Etter nærare vurdering bør det vere høve til å søkje om å få dekka tiltaka etter at dei er gjennomførte, men slike unntak bør grunngjevast.